

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 14.04.2016

Vedtak

I samband med RS 4/16 «Elektronisk sakshandsaming i fylkeseldrerådet»: Medlemene i fylkeseldrerådet har motteke nettbrett og brukarretteingar og vil byrje å ta dette i bruk i framtidige rådsmøte.

I samband med RS 5/16 «Spørsmål om møtegodtgjering til arbeidsutval»: Administrasjonen har stadfesta at det ikkje vert gjeve møtegodtgjering til arbeidsutvala i fylkeskommunale råd og utval. Ein har derimot krav på dekning av reiseutgifter og godtgjering for tapt arbeidsforteneste.

I samband med RS 6/16 «Orientering frå felles samråd om utvikling av Hordaland under fylkestinget i mars 2016»: Nestleiar Gunda Falao Sparre orienterte frå samrådsmøtet. Mellom tema som vart drøfta var offentleg kommunikasjon og samferdsel, infrastruktur, korrespondanse mellom buss- og båtruter, region- og kommunestruktur, kvalitet på telefonitjenester, demografi, flyktnings situasjonen, integrering, vilkår for næringslivet, fråfall i vidaregåande skule, tverrfagleg samarbeid skule-næringsliv, klimaførebygging, samordning areal og transport, omstilling i næringslivet, m.m. Fylke-medlem Synnøve Solbakken vil sende spørsmål til leiar i samferdselsutvalet vedr korrespondansar i kollektivtrafikken og billettering for eldre på snøggbåtar.

Fylke tek elles sakene til etterretning.